

Fjordglas sine generelle sals og leveringsvilkår :

Fjordglas følger norsk lovverk med omsyn til garanti og reklamasjonsrett. Me nyttar kjøpslova som grunnlag for sal til næringsdrivande, og forbrukarkjøpslova ved sal til privatpersonar.

Leveringsbetingelsar :

Leveringsbetingelsar i henhold til NS 8409:2008, med mindre anna er skriftleg avtalt. Fjordglas tek forbehold mot at faktura blir sendt ut same veke som sendinga. Ved kjøp for meir enn 50.000,- kan me krevje førehandsbetaling av ordren før produksjon og levering. Me føreheld oss og retten til å kredittsjekke og vurdere alle våre kundar i samband med bestilling av varer frå oss.

Generelle leveringsvilkår :

Vår levering skjer med lastebil på oppgitt adresse i ordrebekreftelse. Adressa må vere tilkomst på for lastebilar opp til 12m. Ved større kolli over 2,2 meter bredde, må kjøper stå for lossing på bil som leverer varer frå oss. Dette då desse ikkje kan lossast på vanleg bakmontert lift. Slike avtalar skal gjerast i forkant i mellom kjøpar og seljar så langt det let seg gjere. Ekstra utgifter til lossing i desse tilfella, vil bli belasta kjøpar. Alle våre varer blir leverte på adresse med lastebil. Ved levering av handelsvarer hos oss, kan desse bli leverte på anna tidspunkt enn våre eigenproduserte varer. Dersom kjøpar ynskjer levering med kranebil, blir dette fakturert ekstra frå oss.

Forbehold :

Garantien fell vekk for alle skader/følge skader som skyldast feil bruk, feil montering, feil lagring og manglande vedlikehald.

Følgande produktrelaterte forhold dekkes ikkje av garantien:

- Sprekk i glasa som følge av partiell oppvarming. Termisk brudd kan oppstå om mørk folie pålimast deler av glasa eller om isolerande materiale legges mot deler av glasflata.
- Svart sopp og blåved på produkt med transparent overflatebehandling. Transparent overflatebehandling i kombinasjon med høg fuktigheit aukar faren for svartsopp/blåved.
- Maling slitasje. Ved eventuell flassing av maling må utbetring skje omgåande. Utvending maling skal ettersyns minimum ein gang pr. år.
- Kondens på lav terskel til skyvedør. Denne produktløysinga kan forårsake innvendig kondens ved lave utetemperaturar i kombinasjon med høg innvendig luftfuktighet.
- Fargeendringar som følge av aldring og påvirkning av lys og UV-stråling.
- Mindre avvik i farge på glas. Glass med forskjellige funksjonskrav eller med ulik tjukkelse og oppbygging kan gi ulik fargetone eller refleksjon.

- Utvendig og innvendig kondens. Kondens kan under gitte forhold førekomme på glas.

Reklamasjonar :

Kjøper skal ved mottak av varene kontrollere at det er samsvar mellom mottatte varer og medfølgjande pakksetel. I tillegg skal kjøper sjekke leveransen for eventuelle transportskader, og i rimeleg grad foreta ein kvalitetskontroll av varene. **Skader og bileter av dei skal meldast Fjordglas umiddelbart, og seinast innan 7 dagar frå mottekne varer. Jamfør transportansvarsreglane 3.1.3 Reklamasjon jfr § 40. Eventuelle avvik eller synlege skadar skal omgåande meldast Fjordglas, og i den utstrekning det er praktisk mogeleg, anmerkast på medfølgjande fraktbrev.** Kjøpar må varsle om eventuelle manglar, snarast mogeleg etter mottak av leveransen, og seinast før varene blir monterte eller på anna måte tekne i bruk. Blir ikkje dette utført, tapes retten til å framsette krav om erstatning som følgje av mangelen.

Mangel føreligg dersom aktuelle varer på leveringstidspunktet ikkje er i samsvar med dei krav til art, mengde, kvalitet, andre eigenskapar og innpakning som følgjer av kontrakten, og dette skyldast forhold som seljar svarer for jamfør. NS8409 punkt 11.1.

Kjøper kan gjere mangelansvar gjeldande så lenge det er reklamert i rett tid, jamfør. NS8409 punkt 12.1 og 12.2. Seljar har rett til å foreta retting eller ny levering, dersom dette ikkje er til vesentleg ulempe for kjøpar og utan risiko for at kjøpar ikkje får dekka sine utlegg av seljar, jamfør kjøpsloven §36. Kjøpar kan krevje at seljar for eigen rekning retter mangel, dersom dette kan skje utan å volde seljar urimeleg kostnad eller ulempe.

Reklamasjonar skal sendast skriftleg på seljars reklamasjonsskjema.

Reklamasjonsskjema finst på Fjordglas si heimeside, www.fjordglas.no. Kjøpar har her mogelegheit for å melde inn reklamasjonssak til vår e-post : post@fjordglas.no

Ansvar for skade

Fjordglas sitt ansvar for manglar, utover det som følger av NS8409, punkt 11.2, omfattar ikkje skade på anna enn dei solgte varer, med mindre varene avvik frå det som er garantert av seljar, eller det føreligg feil eller forsømmelse hos seljar, jfr. kjøpslovens §40, tredje ledd. Kjøper skal i slike tilfelle, uavhengig av ansvarsforhold, søke å begrense dei tap som måtte oppstå i denne forbindelse.

Estetikk og kvalitet

Glass med belegg kan variere i farge og refleksjon, sjølv frå same produsent. Ved bruk av herda glass vil det være større risiko for forskjeller då belegg på desse normalt er av anna type enn for uherda glas. Plassering av belegg i forskjellige posisjoner, i same fasade, vil også kunne gi forskjell i utsjånad. Ved aksept av ordre/tilbod godkjennes desse vilkåra.

Anna

Fjordglas gjer oppmerksom på at valg av rett type glas, funksjon, og bruk av sikkerheitsglas er prosjekterande og kunde sitt ansvar ved bestilling. Det er derfor alltid kunden sitt ansvar å sjekke ut at tilbydd ordre er ihht dei krav som følgjer i tråd med gjeldande teknisk forskrift i plan og bygningslova.